



## Rutine for samarbeid mellom dei vidaregåande skulane, OT og NAV rundt ungdom i vidaregåande skule med behov for oppfølging

Sogn og Fjordane fylkeskommune og NAV Sogn og Fjordane samarbeider for å auke gjennomføringa i vidaregåande opplæring.

### Mål for Sogn og Fjordane

- auke gjennomføring i vidaregåande opplæring.
- kombinerte tiltak skal vera knytt opp mot læreplanmål frå vidaregåande opplæring med læreplanmål.
- redusere tal ungdomar som verken er i opplæring eller arbeid.
- ingen ungdomar i målgruppa skal vera ukjende for OT.

### MÅLET MED SAMARBEIDSRUTINA

Vi skal legge til rette for eit systematisert og styrka samarbeid mellom vidaregåande skule, opplæring i bedrift, oppfølgingstenesta og NAV-kontor for å sikre:

- felles forståing av felles oppgåver og mål.
- lik praksis og like tenester i heile fylket.
- tidleg kontakt og medverknad for å førebygge fråfall.
- rett og felles prioritering av verkemiddel/ tiltak.

### MÅLGRUPPA

Målgruppa er ungdom som har lovfesta rett til vidaregåande opplæring og som:

- ikkje har søkt vidaregåande opplæring eller teke imot skuleplass eller læreplass.
- står i fare for å falle ut av vidaregåande opplæring.
- har avbrote vidaregåande opplæring .
- ikkje er i ordinert arbeid.

### OVERORDNA MÅL MED SAMHANDLINGA

- ungdom i målgruppa skal fangast opp så tidleg som mogeleg og tiltak skal setjast raskt i gang.
- aktuelle samarbeidspartar skal involverast så tidleg som mogeleg.
- oppfølginga skal vere heilskapleg og samordna.
- det er eit felles ansvar at samla bruk av verkemiddel/tiltak skal sikre at flest mogleg skal fullføre vidaregåande opplæring og får nytta egne evner og mulegheiter i arbeidslivet.
- sikre samanheng mellom mål i læreplanar og bruk av tiltak.
- flest mogeleg skal vere ein del av det ordinære arbeidslivet, der ein kombinerer arbeidstrening og læreplanmål.
- ta omsyn til og legge til rette for aktivitetar for dei som fell utanfor det ordinære arbeidslivet på grunn av sjukdom eller lære/sosiale vanskar.

## ANSVAR OG SAMHANDLING

### Lovgrunnlag som ligg til grunn for rutinen :

- opplæringslova § 3 – 6
- føreskrift til opplæringslova
- lov om arbeids - og velferdsforvaltninga ( NAV lova)
- lov om sosiale tenester i NAV m/rundskriv

### Vidaregåande skule skal:

- ha rutinar for fråfallsførebyggande arbeid.
- ha gode rutinar ved avbrot av skulegang.
- halde avklaringsmøter.
- sikre samtykke frå ungdommen/foreldre til utveksling av informasjon.
- kontakte OT og NAV i heimkommunen **før** ein er komne fram til ein avslutningssamtale.
- gjennomføre avslutningssamtale for dei som avbryt opplæringa og syte for at alle aktuelle partar vert kalla inn.
- ha oppdatert liste over rådgjevarane, og sikre at denne er tilgjengeleg for OT kontaktar og NAV kontor.

### Oppfølgingstenesta skal:

- ha oversikt over målgruppa og etablere kontakt med ungdommen/foreldre.
- kunne tilby teneste til målgruppa, eventuelt saman med NAV.
- sikre samarbeid mellom kommunale, fylkeskommunale og statlege instansar, samt formidle og samordne tiltak.
- informere NAV om ungdomar som står i fare for å droppe ut og som dei får melding om ikkje har søkt skuleplass/læreplass.
- ha ansvar for at det blir utarbeidd ein avtale for vidare oppfølging.
- ha oppdatert liste over OT kontaktane og sikre at denne er tilgjengeleg for rådgjevarar ved vidaregåandeskular og NAV kontora.

### Fylkeskommunen skal:

- arbeide for at bedrifter og opplæringskontor kontaktar fylkeskommunen så tidleg som mogleg når det er fare for at lærekontrakt/ opplæringskontrakt kan gå mot heving.
- raskt gjennomføre avslutningssamtale for lærlingar/lærekandidatar og syte føre for aktuelle partar vert kalla inn ved avbrot av læreplass.
- ha namngitt kontaktperson som alle vidaregåande skular, OT og NAV - kontora veit om. Fylkeskommunen har ansvar for oppdatering av liste over rådgjevarar og OT - kontaktar.

### NAV skal:

- bidra i det førebyggande arbeidet på skulen.
- orientere og vere ein diskusjonspart i høve utviklingstrekk, krav og mulegheiter i arbeidsmarknaden.
- bidra med tilbod om arbeidsretta tiltak. Vurdering av behov saman med OT er avgjerande for kva for arbeidsretta tiltak som er rett verkemiddel. Alle arbeidsretta tiltak **skal** grunnjevast med opplæringsmål for ungdommen og bygge på oppfølgingstenesta sin oppfølgingsplan.
- kontakte OT når ungdomar med opplæringsrett oppsøker NAV for å be om hjelp.
- informere skulane/OT om hjelpemiddel og andre tenester som NAV kan bidra med ut frå hjelpebehovet til eleven.
- ha ei oppdatert liste over ungdomskontaktane og sikre at denne er tilgjengeleg for rådgjevarar ved vidaregåandeskular og OT. NAV Sogn og Fjordane har fast kontaktperson som har ansvar for å oppdatere denne lista.

## Tilrettelegging og oppfølging

I eit godt tilrettelagt individuelt løp, med til dømes skule nokre dagar og arbeidspraksis andre dagar, er det avgjerande med rask oppfølging og rettleiing. Oppfølginga skal sikre at ungdommen og bedrifta får ein kontaktperson som gir rask og nødvendig bistand og sikrar nødvendig oppfølging, koordinering og tilrettelegging etter behov. Kven som skal vere kontaktperson vert avtalt i kvar einskild sak. Det er viktig å fokusere på læreplanmål i tilrettelegginga.

## Kontaktpersonar og samarbeid

- OT – koordinatorane skal ha minst eit samarbeidsmøte i året. Det skal førast referat frå møta og fylkeskommunen har ansvar for å kalle inn.
- årleg nettverksmøte i desember for ungdomskontaktar i NAV, rådgjevar i vidaregåande skule og OT. Det skal førast referat frå møta og fylkeskommunen har ansvar for tilrettelegging og innkalling.
- Fylkeskommunen skal kalle NAV inn til rådgjevarkonferansen.

---

Dato: 15.04.16

Evaluering: 15.04.17